

# ÅRSMELDING

## 2017



**BUL**  
**ERVINGEN**  
BERGEN UNGDOMSLAG ERVINGEN

# Innhald

1	1. Innleiing .....	3
2	2. Folkedans.....	4
3	a) Vaksne .....	4
4	b) Ungdom .....	5
5	c) Born.....	6
6	3. Teater .....	8
7	4. Folkemusikk .....	8
8	a) Gimlingane .....	8
9	b) Audhilds .....	8
10	c) Juniorspelemannslaget.....	9
11	d) Dragegjengen .....	10
12	5. Song.....	11
13	a) Kor e' tonen.....	11
14	b) Kvedargruppa .....	12
15	6. Melding frå Skostredet spøt og slarv.....	13
16	7. Melding frå Selsvikklubben .....	13
17	8. Lagsstyret .....	13
18	9. Melding frå Rådet.....	14
19	10. Dugnad.....	14
20	11. Samarbeid med andre .....	14
21	12. Eigedom.....	16
22	a) Lagshusa.....	16
23	b) Hytta.....	16
24	13. Fonds- og eigedomsstyret .....	16
25	14. Medlemstal, økonomi og ressursar .....	17
26	15. Kontor og tilsette.....	18
27	16. Heiderslagsfolk.....	18
28	17. Gåver, helsingar og minne.....	18
29	18. Oversikt over tillitsvalde .....	19
30	19. Lagsmøte, festar og eigne tilskipingar .....	21
31	20. Utsendingar, representasjon og samarbeid .....	25

# 32 1. Innleiing

33 Styret ber alle å ta seg god tid til å lese årsmeldinga. Det er kort mellom høgdepunkta.  
34 Dei spanner frå jubileumsfest og kurs med Bergen juniorspelemannslag til fullsett Gimle  
35 under Kor e' tonen sin haustkonsert og siger i Kven veit?. I det fylgjande vil me trekke  
36 fram det me meiner har vore viktig i 2017.

37 Lagsstyret har hatt hovudfokus på rekruttering. Dette arbeidet har ingen fasit, noko som  
38 gjer det både spanande og utfordrande. Ei løysing er å ta tak i det som har fungert  
39 tidlegare, som til dømes ei rekrutteringsgruppe i SFO-tida. Difor har me starta eit nytt  
40 tilbod for barn ved Krohnengen skule, og oppslutninga tyder på at me har funne ein god  
41 modell. Ein anna innfallsvinkel til rekrutteringsarbeidet har vore å gjere særslag  
42 medvitne om korleis ein marknadsfører aktiviteten sin og tek i mot nye. Ved hjelp av ein  
43 klårare profil har onsdagsøvinga «Studentdans» fått auka oppslutning. Det er  
44 oppløftande for styret å sjå at rekrutteringsarbeidet har hatt ein positiv effekt på  
45 medlemstalet i laget.

46 Laget har vore ein aktiv tilskipar. Fylkesstemne for born i juni gjekk etter oppskrifta,  
47 med over hundre deltakarar og strålande sol under framsyninga på Torgdagen. Sol vart  
48 det også under Sommarleiren til Noregs ungdomslag på Fana folkehøgskule, der laget  
49 var lokal tilskipar. Styret har tru på at slike tilskipingar er viktige for å inspirera unge  
50 medlemmar til vidare deltaking. Laget har også sørgt for motivasjon og fagleg påfyll for  
51 instruktørar ved å vera lokal tilskipar for to av instruktørkursa til Noregs ungdomslag.  
52 På grunnleggande instruktørkurs var også instruktørane frå Bergen! Stordanskvelden i  
53 Schøtstuene gav deltakarane på instruktørkurset i songdans moglegheit til å praktisera  
54 det dei hadde lært.

55 Laget har vore ein tradisjonsberar. Me bringer tradisjonar vidare til nye generasjonar  
56 gjennom aktiv bruk. Det er eit viktig utgangspunkt for deltakinga vår i Den kulturelle  
57 skulesekken med ei dansehistorie for dei minste skulebarna og dansekurs for  
58 ungdomsskuleelevar. Laget har også ein tradisjon for å arbeide for eit inkluderande  
59 samfunn. Me har vidareført samarbeidsprosjekt med asylmottak, noko som har resultert  
60 i gode møteplassar – til dømes Kulturkafe i Gimle.

61 Laget har vore nyskapande innanfor eigne rammer. Me har til dømes opplevd folkedans  
62 og kveding på kino. Tradisjonelle aktivitetar som høyrer heime i laget vårt, men på ein  
63 ny arena. Styret er svært nøgd med at filmene «Kvar song ei soge» og «Med hjertet i  
64 dansen» også vart sett opp i Bergen.

65 Takk til tilsette, instruktørar, tillitsvalde, dugnadsfolk og medlemmar elles for eit kjekt  
66 år! Styret håpar 2017 også har vore fylt med små høgdepunkt for kvar einskild medlem,  
67 som til dømes den gongen ein hadde riktige strøk på ein slått, fann ein ny songskatt i  
68 kvedargruppa eller fekk til rundsnuen i reinlender.

## 69 2. Folkedans

### 70 a) Vaksne

71 Folkedanslaget har i 2017 halde fram aktivitetsnivået frå tidlegare år, med faste øvingar,  
72 dansekveldar, hytteturar og kurs. Oppmøtet på hendingar har ikkje alltid vore som  
73 forventa, men all aktivitet har vore gjennomført med god stemning, og folkedanslaget  
74 går derfor positivt i gang med det nye året.

#### 75 **Faste øvingar**

76 Måndagsringen, folkedans for seniorar og fordjupingsøvingane har halde fram som  
77 tidlegare. Onsdagsringen har i haust bytta namn til studentdans, med håp om å få litt  
78 fleire deltakarar. Det ser ut til å fungere, og vi har fått tre nye medlemmar. I vår hadde vi  
79 øving annakvar onsdag, i haust har vi hatt øving kvar veke. Vi takkar flinke instruktørar  
80 og spelefolk for eit kjekt år.

81 Både måndagsringen og folkedans for seniorar har stabile oppmøtetel. Måndagsringen  
82 har gjennom heile året hatt jamlege besøk av Litt tå kvart som har spelt til dans. Elles vil  
83 vi takke dei vanlege instruktørane og spelekvinnene våre for god innsats. Det har vorte  
84 gjennomført to hyggekveldar kvart semester.

#### 85 **Festar**

86 Årets første fest var som vanleg dans- og spelmaraton. Det var få som melde seg til å  
87 spele, men det var godt oppmøte av folk på dansegolvet. Dansekvelden i februar og  
88 folkemusikkfesten i mars vart gjennomført med gode spelegrupper; Kristoffer  
89 Kleiveland og Sindre Fotland, Utle og Trio Mio, samt vårt eige spelemannslag Audhilds.  
90 Trass i dette var det få dansarar som møtte opp, men dei som kom var ivrige på golvet,  
91 så kveldane vart vellukka.

92 I haust har vi hatt kulturnatt og haustfest. På kulturnatta spelte Juniorspelemannslaget  
93 konsert, og Audhilds og Arne Anderdal, Siri Nordgård, Kristoffer Kleiveland og Maria  
94 Toppe til dans. På konserten var det bra med folk, og dansegolvet var fullt utover  
95 kvelden trass i at ein del forsvann fort etter konserten. På haustfesten fekk vi god mat  
96 frå Hordaheimen, og det var rundt 30 stykk som åt middag i Gimle. Den største hendinga  
97 denne kvelden var innviinga av det nye kjøkkenet i Gimle. Aldri har det vore så mange  
98 innom kjøkkenet på ein dugnadskveld! Fjellbekken spelte til dans og det var godt med  
99 folk heile kvelden.

100 Vi takkar ungdomsringen for at dei held kafé på mange av våre tilskipingar.

#### 101 **Kurs**

102 I vår hadde vi ikkje noko nybyrjarkurs, men i haust vart det gjennomført ein dag med  
103 kurs for nybyrjarar. Sverre Sundvor og Guro Haugen hadde kurset, Ida Marie Rognsvåg  
104 spelte. Etter kurset fekk studentdansen tre nye, faste medlemmar.

105

106 I vår hadde Ingunn Skjelvan og Eva Marie Toppe kurs i pols. Det var godt med folk  
107 gjennom heile helga. I haust vart det ikkje gjennomført noko dansekurs.

### 108 **Andre tilskipingar**

109 17. mai deltok dansarar frå folkedanslaget med program på Torgallmenningen i høve  
110 bygdslagstimen. I tillegg har vi deltatt på dansens dag, hatt eit oppdrag på Fløyen i løpet  
111 av sommarferien og delteke på program under Sykkel-VM. I vår fekk vi invitasjon til å  
112 delta på ein festival i USA i august. Vi heiv oss rundt og la planar, men grunna få  
113 påmeldingar vart turen avlyst. Vi takkar alle som hjelpte til med planlegginga.

### 114 **Organisasjon**

115 I 2017 har Brynjulf Langballe vore leiar i folkedanslaget. Mari Skjerdal Lysne gjekk ut av  
116 styret grunna flytting, og Lina Hamre kom inn. Elles har Renathe Nilsen og Marit  
117 Kvamen vore med i styret. Vi har hatt møte omtrent kvar tredje veke, og har hatt mykje  
118 planlegging på plakaten. Vi håpar å få inn nokre eldre i styret i 2018, slik at vi òg kan ha  
119 nokre gode representantar frå folkedans for senior og måndagsringen med i  
120 planlegginga.

121 Folkedanslaget har hatt godt samarbeid med Columbi Egg og Bygdedanslaget i Bjørgvin i  
122 tillegg til andre særslag i Bergen ungdomslag Ervingen, og ser fram til å fortsetja desse  
123 samarbeida i 2018.

## 124 **b) Ungdom**

125 Ungdomsringen samla seg allereie 2.januar 2017, for å lage ny julepynt til treet i Gimle.  
126 Gjennom året har ungdomsringen hatt øvingar kvar veke, dansesamling, kurs, hyttetur  
127 og dansa framsyning.

128 Ungdomsringen har hatt mellom fem og ti medlemar på øving kvar måndag i vår- og  
129 haustsemesteret. Særleg positivt er det at vi har fått med oss fleire nye i  
130 haustsemesteret.

131 Instruktørar på øvingane har hovudsakleg vore Borghild Marie Opdahl. I tillegg har Lars  
132 Fivelstad Smaaberg instruert i hallingspringar, Sverre Sundvor i springar frå Masfjorden,  
133 Rigmor Nesheim Vaular i turdansar, Silja Solvang i halling, Marit Kvamen i swing og  
134 Gunn Inger Sture i generell danseteknikk. Ida Marie Rognsvåg har vore spelmann, med  
135 Johanne Mjøs som vikar. På hausten har vi hatt særleg fokus på grunnleggande rytmar  
136 og generell danseteknikk, sidan det har kome fleire nye til ringen. I tillegg har vi øvd på  
137 songar til stordanskvelden i Schøtstuene. På øvinga under sykkel-VM, var vi på  
138 Torgallmenningen og fekk med oss ein konsert med Sigrid Therese Moldestad.

139 Ungdomsringen har også i 2017 tatt del i inkluderingsprosjektet i laget. Vi vart hausten  
140 2016 kjend med ungdommar som budde på Lindås statlege mottak for mindreårige. Vi  
141 samla oss ungdomshuset Dalheim i Hundvin laurdag 21. januar for å danse saman under

142 leining av Maria Skjeldrum Toppe og Guro Haugen. Mottaket på Lindås vart lagt ned før  
143 sommaren, og difor fortsette inkluderingsprosjektet i samarbeid med mottaket i Arna.  
144 Sondag 19.oktober var ungdomsringen med på dans for heile familien i Kulturhuset  
145 Sentrum i Ytre Arna.

146 Arbeidet med å skipa til dansesamlingar for ungdom i Hordaland har halde fram. Den  
147 fyrste samlinga fann stad på Lindås skule helga 17.-19.mars. Samlinga la vi til Lindås, slik  
148 at ungdommane på mottaket kunne delta. Guro Haugen og Maria Skjeldrum Toppe  
149 hadde instruksjon for dei eldste ungdommane, medan Kristoffer Kleiveland spelte. Silja  
150 Solvang var instruktør for dei yngste deltakarane. På hausten var det inga ordinær  
151 dansesamling, sidan Osafestilvalen og prosjektet hardingfela.no skipa til UngOsa helga  
152 27.-29. oktober. Her var det ikkje berre kurs i dans for ungdom, men også hardingfele,  
153 toradar og kveding. To frå ungdomsringen deltok på samlinga.

154 Laurdag 20. mai arrangerte vi hallingkurs med Martin Myhr i Gimle. Det blei ein kjekk,  
155 slitsam og innhaldsrik dag for dei ni deltakarane.

156 Noregs Ungdomslag sin sommarleir var i år lagt til Fana Folkehøgskule. Det vart ei kort  
157 reise for dei fire dansarane frå ungdomsringen som deltok. Dei var godt nøgde med årets  
158 utgåve av sommarleiren.

159 Haustsemesteret vart avslutta med ein hyttetur til Eidsholmen. Vi hadde fått Håvard Ims  
160 og Ingrid Sørheim å halde kurs fredag og laurdag. Tema var samspel mellom musikk og  
161 dans, og kurset var tilpassa både dei som speler og dei som dansar. Deltakarane i  
162 integreringsprosjektet var invitert med denne helga. I tillegg var det pepperkakebaking,  
163 juleverkstad og besøk av julenissen for deltakarane. Det var ni påmelde, men grunna  
164 sjukdom mm. kunne berre fem ungdommar delta.

165 I tillegg har ungdomsringen vore med på framsyningar med folkedanslaget, t.d. på  
166 jernbanestasjonen på Dansens dag, på arrangement på Fløyen, på Torgallmenningen  
167 17.mai og publikumsområdet i Nygårdsparken under Sykkel-VM. Vi har og dansa på  
168 Latvisk foreining i Bergen sin dansefestival i mai og vore med på folkedanskurs for nyleg  
169 busette flyktningar i regi av Bergen Røde Kors. Ungdomsringen har drive dugnadsarbeid  
170 gjennom kafésal på dansekveldar og servert i konfirmasjon.

171 Styret i ungdomsgruppa har hatt fem møte i 2017, i tillegg til kontakt på øving og per e-  
172 post. Vi har hatt særleg fokus på rekruttering.

## 173 c) Born

174 Gjennom 2017 har barnlaget hatt øving kvar veke. Det har kome nye born i gruppa. Dei  
175 har vorte rekruttert av andre born, eller ved at slektningar har kjennskap til laget.  
176 Instruktørar på våren var Silja Solvang og Tora Persdotter Fjeld, med Ida Marie  
177 Rognsvåg som fast spelmann. På hausten fekk Tora med seg Ida Marie som instruktør,  
178 medan unge spelmenn frå Juniorspelemannslaget stod for musikken. Det har vore  
179 Ragnhild Mjør Gramstad, Tori Helgheim Grung, Tor Helge Totland Haukås, Andrea Antun

180 Mikkelsen og Eirunn Nordstad. Ved behov for vikar for instruktørane har Brita Nilsen,  
181 Sondre Seim Bratland og Silja Solvang stilt opp. Det har vore i overkant av ti born  
182 mellom 5 og 9 år på kvar øving.

183 Rekruttering har vore sentralt i arbeidet med barnelaget i 2017. Me har sendt  
184 instruktørar og spelmann på tre familiesundagar på Verftet, og seks Lørdagsverksteder  
185 på Barnas Kulturhus. Målet har vore å gje born og foreldre innblikk i aktiviteten vår. Det  
186 har vore gode dansekurs med engasjerte born, men diverre har me ikkje rekruttert  
187 medlemmar gjennom tilbodet. Tora Fjeld, Ida Marie Rognsvåg, Silja Solvang, Stig  
188 Indrebø, Eirin Tjoflot og Borghild Opdahl har vore instruktørar, medan Ida Marie  
189 Rognsvåg, Johanne Mjøs, Irene Bjørke, Silje Solberg, Sondre Seim Bratland, Maria  
190 Skjeldrum Toppe og Arve Berg har spelt til. Barnelaget er glad for å ha så mange dyktige  
191 instruktørar og spelmenn som vil bidra.

192 Styret i barnelaget har skipa til to familiefolkedanskveldar saman med  
193 Juniorspelemannslaget. Fyrste familiefolkedans 19.februar valde me å utvida med kurs i  
194 forkant, med tema for både felespelarar og dansarar. I fyrste kursbolc kunne ein velja  
195 mellom kveding/folkesong med Tora Fjeld og hardingfele med Maria S. Toppe eller Ida  
196 Marie Rognsvåg. Samstundes var det øve-kurs for foreldre ved Elna Selle, slik at dei skal  
197 kunna fylgja opp borna sine mellom speletimane. I andre bolc kunne born delta på  
198 hallingkurs med Silja Solvang eller kurs i munnharpe ved Arne Hovland og foreldre delta  
199 på eit innføringskurs i folkedans ved Maria Toppe. I første del av familiefolkedansen  
200 fekk borna ta del i «Danse i en ring», som har vore ein del av Den Kulturelle skolesekken  
201 i Bergen Kommune. Deretter var det dans til Bergen juniorspelemannslag. Barnelaget  
202 var fornøgde med oppmøtet.

203 Familiefolkedansen 22.oktober starta med høgtlesing av Kristian Fjellanger, som leste  
204 frå boka si «Samir og den lange reisa». Etter kake leia Silja Solvang og Ida Marie  
205 Rognsvåg born og vaksne i dansen. Om lag 80 born og vaksne var innom Gimle denne  
206 sundagen. Juniorspelemannslaget har sørgt for god musikk til dansen begge  
207 familiefolkedansane.

208 Helga 9.-11. juni var det Fylkesstemne for born i Bergen med 12 deltakarar frå  
209 Barnelaget. Nokre overnatta på skulen, medan dei yngste var med på framsyning under  
210 Torgdagen og kurs seinare på dagen. Borna var godt nøgde med å møta andre born som  
211 dansar.

212 Sundag 25.juni skulle barnelaget ha ei framsyning på familiedag på Fløien, i regi av  
213 Fløibanen og museet KODE. Då me kom fram viste det seg at arrangementet hadde blitt  
214 avbrote, grunna dårleg ver. Dei borna som var med dansa eit par dansar, før me tok bana  
215 ned.

216 Barnelaget har prøvd å skipa til hytteturar til Eidsholmen, men det har diverre passa for  
217 svært få av borna og foreldra, så både hytteturen vår og haust har vorte avlyst.

218 Barnelaget har sendt instruktørar på kurs i 2017, både dei som allereie instruerer og dei  
219 som kan tenka seg å instruera i framtida. Fire deltok på grunnleggande instruktørkurs i  
220 Bergen, helga 27.-29.januar med Silja Solvang og Maria Skjeldrum Toppe som  
221 instruktørar. To deltok på grunnleggande instruktørkurs i Steinkjer, helga 10.-  
222 12.november med Anna Gjendem som instruktør.

223 Barnelaget har hatt to foreldremøte. Styret i barnelaget har hatt to møte, men har jamleg  
224 kontakt under øvingar og på e-post

## 225 3. Teater

226 Bergen ungdomslag Ervingen har ikkje hatt teateraktivitet i 2017.

## 227 4. Folkemusikk

### 228 a) Gimlingane

229 Bergen ungdomslag Ervingen har ikkje hatt toradaraktivitet i 2017.

### 230 b) Audhilds

231 I 2017 har Audhilds som vanleg hatt øving på onsdagar, og me har vore med på ulike  
232 ting både i og utanfor Gimle.

233 Ida Marie Rognsvåg og Irene Bjørke var musikalske leiarar i vårhalvåret. I august tok  
234 Åslaug Timenes Bell over etter Ida Marie. Det har stort sett vore bra oppmøte med 10-20  
235 stk på øving. Me har òg fått fleire nye medlemar i laget utover hausten – nokon som har  
236 vore innom tidlegare år og andre som er ferske på hardingfele. Det er kjekt!

237 Me har gjennom året delteke på fleire tevlingar; Hordamønstring i Granvin,  
238 Landskappleiken på Røros og Vestlandskappleiken i Askvoll. På Vestlandskappleiken  
239 deltok me òg i klassen lagspel runddans, der me gjekk til topps på resultatlista! I tillegg  
240 til lagspeltevling, har me hatt dansespeløker på alle kappleikane.

241 Audhilds har delteke med dansespel eller konsertinnslag i Gimle på arrangement som  
242 Dans- og spelmaraton, kulturnatt og julelagsmøte.

243 Det har vore vanskeleg å få tak i lærarar til helgekursa våre, men me har fått til eit kurs  
244 kvart halvår. I februar hadde me hyttetur med kurs på lagshytta, der Arve Berg og Leif  
245 Rygg hadde kvar sine dagar som instruktør. I november var Johanna Mjeldheim  
246 instruktør på laurdagskurs med påfylgjande restaurantbesøk for kursdeltakarane.

247 Dette året har me vore to gonger på Columbi egg. Fyrste gong på nyåret, som  
248 pauseinnslag på konsert med Triakel, og andre gong var det ein gieng som var med på  
249 julejam og dansespel før jul. I februar gifta Audhildsmedlem Ane seg, og inviterte laget  
250 med til å ha eit musikalsk innslag og speling til utgang frå kyrkja. Det var kjekt å få ta del



251 i den store dagen deira. Snaustrinda Spelemannslag i Trondheim var på jubileumstur i  
252 sommar og inviterte oss til dans, jam og grilling på Eidsholmen. Maria Toppe har fleire  
253 gonger invitert oss med på kulturkafé i Gimle, der me har vore med og spelt.

## 254 c) Juniorspelemannslaget

255 Året 2017 har vore eit aktivt og spanande år for Bergen juniorspelemannslag. Elna  
256 Føleide Selle har vore musikalsk leiar. I tillegg har det vore inne fleire andre  
257 instruktørar. Håkon Høgemo har hatt 2 øvingar med meisterklassen. Maria Skjeldrum  
258 Toppe har hatt tre øvingar med dei eldste i laget. I tillegg hadde vi inne den kanadiske  
259 meisteren Patti Kohurst som instruktør på jubileumsseminaret saman med Trent  
260 Bruner.

261 Juniorspelemannslaget har hatt øvingar om måndagane i Gimle, ein til to gonger i  
262 månaden. Til saman har vi hatt ni øvingar i vårsemesteret og seks øvingar i  
263 haustsemesteret.

### 264 **Vårsemesteret**

265 Det var i alt 15 medlemmer i laget i vårsemesteret. Sidan laget ikkje skulle delta på  
266 landskappleik dette året, vart semesteret avslutta 12. juni.

267 Laurdag 28.januar 2017. Juniorspelemannslaget deltok på Dans- og spelmaraton i Gimle.

268 Sondag 19.februar. Juniorspelemannslaget stod for musikken på familiefolkedansfest i  
269 Gimle.

270 Laurdag 11. mars. Hordamønstring i Granvin, Hardanger, laget deltok, og fleire  
271 medlemmer i laget deltok i solospel.

272 Onsdag 31. mai. Juniorspelemannslaget spelte på De Unges Festspilldag i Logen.

273 9.-11.juni. HU-barnestemne på Årstad vidaregåande skule. Ei gruppe på fire frå laget  
274 deltok.

275 Måndag 12. juni. Sommaravslutting med pizza for medlemmer og føresette i laget.

276 14. juni. Speling på Fløien for folkedanslaget. Ei gruppe på tre frå laget spelte (TET).

277 9. – 14. juli. Mokurset i Førde. To stykk frå laget deltok i 2017.

### 278 **Haustsemesteret**

279 Medlemstalet var 17 i haustsemesteret. Fire nye starta og to slutta.

280 Fredag 8. sept. Ei gruppe frå laget deltok på Kulturnatt i Gimle.

281 Fredag 22. sept. Laget deltok på scene i Nygårdsparken under sykkel-VM, og spelte  
282 langs løypa på ettermiddagstid.

283 13.-14.okt. Laget deltok på Vestlandskappleik i Askvoll i Sogn og Fjordane. Det vart seier  
284 for laget i tillegg til at to trioar gjorde ein fin innsats. Tre stilte i solospel i c-klassen, og  
285 det vart 1. plass til Tori.

286 21-22.okt. Jubileumshelg for juniorspelemannslaget med kurs/seminar i Gimle. 22. okt.  
287 stod juniorspelemannslaget for musikken på Familiefolkedans og barnebokkveld i  
288 Gimle.

289 2. november. Tre frå laget (TET) spelte under Raftomiddagen på Nygårdshøyden.

290 3. – 5. nov: Ei gruppe frå laget deltok på det tradisjonelle Hauskurset på Osterøy.

291 Sondag 19.novemeber. Aktivitetsdag i samarbeid med Arna statlege mottak. Fire frå  
292 laget deltok og spelte til dans og konsert.

293 Fre 8.des Julekonsert i Korskirken. Laget med rekruttar gjorde ein flott innsats med  
294 kanadisk musikk frå kurset på jubileumsseminaret samt ein bruremarsj til avslutting.

295 11. desember. Julelagsmøte i Gimle. Fire frå laget spelte fleire økter, dansespel for  
296 barnelaget og egne konsertnummer.

297 Den store hendinga i laget i 2017 var 15-årsjubiléet helga 21. og 22. oktober. Den kjende  
298 og dyktige kanadiske folkemusikaren Patti Kohurst var instruktør på jubileumskurs  
299 laurdag og søndag. Laget fekk smake på kanadisk folkemusikk, og det vart konsert på  
300 middagen laurdag kveld og på familiefolkedans søndag.

301 Det var middag med gamle og nye medlemmer og allsidig program med talar, songar og  
302 musikk frå laget. Eit utval av bilde frå små og store hendingar i laget sidan starten var  
303 spennande for gamle og unge.

304 Hausten 2017 har dei eldste i laget vore faste musikarar til øvingar og framsyningar for  
305 barnelaget. Dette er populær og nyttig erfaring for medlemmene, og inspirasjon for dei  
306 unge dansarane.

307 Laget held ein god musikalsk kvalitet, og mange har gjort store framsteg i løpet av 2017.  
308 Nykommarar og erfarne spelemenn og -kvinner i laget fungerer godt saman.  
309 Topplassering for laget og i C-klassen på Vestlandskappleiken viser at det blir drive eit  
310 godt arbeid i laget. I tillegg til styret i Juniorspelemannslaget har mange andre i  
311 foreldregruppa gjort ein svært god innsats i samband med ulike tilskipingar.

## 312 d) Dragegjengen

313 Dragegjengen er eit rekrutteringsprosjekt som vart starta hausten 2015. Elevar i 2.  
314 klasse ved Krohnengen skole fekk tilbod om å spela hardingfele og dansa folkedans i  
315 SFO-tida. 10 elevar viste si interesse og dei vart fort ein god gjeng. Elevane fekk etter  
316 kvart plass på hardingfele i kulturskulen eller privat. Skuleåret 2016/2017 hadde  
317 elevane speletimar i kulturskulen eller privat, medan samspelttilbodet vart verande i  
318 SFO-tida. Hausten 2017 vart det rekruttert 11 nye spelemenn som no får undervisning

319 både i grupper, individuelt og i samspel. I meldingsåret har Dragegjengen hatt øvingar  
320 omtrent kvar tredje veke, og dei eldste og dei yngste «Dragane» har både hatt  
321 speleøvingar saman og kvar for seg. Nokre av dei store «Dragane» har byrja i  
322 juniorspelemannslaget.

## 323 5. Song

### 324 a) Kor e' tonen

#### 325 **Øvingar og faste aktivitetar**

326 Som sedvanen er har koret gjennom året hatt sine faste øvingar i 4. etg. i Gimle, kvar  
327 måndag kl. 18.30-21.00. Vi har og som før hatt to øvingshelger kvart semester, men  
328 dette året har vi lagt den første øvingshelga til fredag kveld og laurdag føremiddag,  
329 medan den andre har vore lagt til laurdag og søndag i samband med konsert søndagen.  
330 Dette er ei ordning vi synest har fungert bra og satsar på å halda fram med.

331

#### 332 **Hendingar og tilskipingar**

333 15. januar: Nyttårskonsert i Nykirken; Koret deltok som vanleg på dei tradisjonelle  
334 nyttårskonsertane i regi av Hordaland Korforbund, denne gongen i Nykirken.

335 26. mars: Korkafe i Gimle; Vi arrangerte korkafe i Gimle med to gjestekor, Bergen Vocalis  
336 og Studinekoret Kalliope. Grei inntekt frå kakesal og basar (åresal).

337 23. april: Konsert i Gimle med Voix-Ci Voix-La (FR) og Volve Vokal; Koret Voix-Ci Voix-  
338 La frå Lyon i Frankrike kontakta oss og spurde om det var mogleg å arrangera ein  
339 konsert saman med oss i samband med deira tur til Bergen. Det takka vi ja til og  
340 konserten vart halden i Gimle. Dette var også dirigenten vår sin eksamenskonsert og  
341 hennar andre kor, Volve Vokal, bidrog difor også på konserten. Det vart ein flott kveld  
342 med mykje variert song. Publikumsoppmøtet var likevel middels og inntektene frå  
343 konserten vart ikkje så store då dei skulle fordelast på fleire kor.

344 8. september: Major Parkinson-konsert på Verftet; Vi fekk ein førespurnad frå bandet  
345 Major Parkinson om vi ville vera med å syngja på nokre av songane på konserten deira  
346 på USF Verftet. Det vart ei spennande og god erfaring for oss.

347 25. oktober: Korkafé hos Finanskoret i Fyllingsdalen: Finanskoret inviterte oss til  
348 korkafeen sin på Fyllingsdalen VGS. På litt kort varsel vart det til at vi stilte med eit noko  
349 redusert mannskap.

350 12. november: Konsert i Gimle; Konserten om hausten hadde tittelen «Å Vestland,  
351 Vestland» og repertoaret var musikk med tilknytning til Vestlandet. Det var svært godt  
352 publikumsoppmøte og vi hadde gode billettinntekter. Som vanleg hadde vi kafe etter  
353 konserten.

354 9. desember: Syngjejobb på Lagunen; Som året før hadde vi ein godt betalt kort  
355 julekonsert på kjøpesenteret Lagunen.

356 11. desember: Julelagsmøte i Gimle; Koret avslutta som vanleg semesteret med å syngja  
357 på julelagsmøtet i Gimle.

358

### 359 **Medlemsmasse**

360 Medlemstalet har vore stabilt høgt, om enn med noko skeiv fordeling mellom sopranar  
361 og altar i haustsemesteret. Totalt har koret hatt 50 betalande medlemmar i løpet av året,  
362 inkludert medlemmar i permisjon. Desse har vore fordelt på 18 sopranar, 15 altar, 7  
363 tenorar og 10 bassar.

364 Sjølv om det totale medlemstalet er høgt, er der alltid ei viss utskifting av medlemmar, og  
365 vi er difor opptatt av kontinuerlig rekruttering. Vi har hatt «open øving» i byrjinga av  
366 kvart semester, og dette har vore ein god mekanisme for å få inn nye medlemmar. Vi er  
367 og spesielt nøgde med å ha fått inn fleire tenorar og bassar dei siste semestra, då talet på  
368 desse har vore noko lågt tidlegare år.

369

### 370 **Sosiale aktivitetar**

371 Vi arrangerte hyttetur til Mjølfjell i mars. I samband med det franske koret si vitjing  
372 arrangerte vi fest med middag saman med dei i Nykirken menighetshus kvelden før  
373 konserten. Utover dette har den sosiale aktiviteten vore kafeturar etter øving.

374

### 375 **Planar for 2018**

376 Vi satsar på å halda to konsertar i 2018 som tidlegare år, den første i byrjinga av mai. I  
377 tillegg vil vi delta på korkonkurransen «Syng for oss» i Grieghallen i juni. Vi ser også  
378 fram til å få eit større og betre øvingslokale, i den store salen i 3. etg. i Gimle.

### 379 **Konklusjon**

380 Koret har fungert svært bra i 2017 og satsar på å halda fram med same aktivitetsnivå i  
381 2018.

## 382 **b) Kvedargruppa**

383 Kvedargruppa har i 2017 hatt øvingar tysdagar frå 19.00 til 21.00 om lag to gonger i  
384 månaden. Vi har hatt øvingar i Gimle, i tillegg til nokre ekstra øvingar i Snorrestova i  
385 Fensal. Instruktørar for gruppa har vore Lars F. Smaaberg i vårsemesteret, og Eirin  
386 Tjoflot i haustsemesteret. Lars har lært oss mykje hallingdalsstoff, i tillegg til at me har  
387 øvd på stoff frå gruppa sitt tidlegare repertoar, og Eirin har lært oss mykje stoff frå  
388 Hardanger og Voss. Det har dermed vore varierte, lærerike og kjekke øvingar dette året.

389 I februar song vi på årsmøtet i Bergen ungdomslag Ervingen. På øvingane har det vore i  
390 gjennomsnitt 5-7 deltakarar dette året.

## 391 6. Melding frå Skostredet spøt og slarv

392 Skostredet spøt og slarv har ikkje hatt treff i 2017.

## 393 7. Melding frå Selsvikklubben

394 Selsvikklubben hadde i 2017 16 samlingar privat, hovudsakleg grunna trafikksituasjonen  
395 rundt Fensal. Vi er no 7 faste medlemmer.

396 "Årsinntekta" frå julemøtet blir brukt til vinstar til laget si medlemsutlodding, kr. 6.000,-  
397 . Lotterinemnda har valt å bruka pengane på gavekort av ulik verdi.

398 Selsvikklubben stod for åresalet på julemøtet, og skaffa vinstane. Alle matutgiftene vart  
399 dekkja av oss, og vi var konsulentar for grautkokinga også i år.

## 400 8. Lagsstyret

401 Lagsstyret har hatt 17 styremøte og handsama 121 saker i løpet av året. Styret har og  
402 hatt to samrådsmøte med dei tillitsvalde.

403 Lagsstyret har gjennomført 17. mai-kafé, Fylkesstemna for born i Hordaland,  
404 Sommarleir i Noregs Ungdomslag, julelagsmøte og Kven Veit?. Dei største tilskipingane  
405 har vore gjennomført med hjelp av medlemar som stiller opp og gjer arbeidet i egne  
406 nemnder.

407 Informasjon frå laget til medlemane har i hovudsak gått gjennom nyhendebrevet  
408 «Bodstikka». Det vert sendt ut til alle medlemar kvar måndag, og prenta ut til dei som  
409 ikkje har tilgang på e-post. Gjennom nyhendebrevet får medlemane oppdatert og  
410 relevant informasjon frå laget, og kan sjå saker som er lagt ut på nettsida.

411 Nettsida [www.bergen.ungdomslag.no](http://www.bergen.ungdomslag.no) vert jamleg oppdatert, og særlega vert oppmoda  
412 om å skriva innlegg på nettsida, om stort og smått som skjer. Det er positivt både for  
413 medlemar å få lesa om kva som skjer i dei ulike særlega, og å visa verda utanfor at me er  
414 aktive og har mykje som skjer i laget vårt.

415 Laget nyttar også Facebook og Instagram (med instagrambrukarnamn:  
416 [bergen\\_ungdomslag\\_ervingen](#) og [#bulervingen](#)) for å syna fram aktiviteten i laget,  
417 kommunisera med medlemar og blesta aktivitetar for potensielle interesserte. Video er  
418 eit effektivt verkemiddel, og videoane me har publisert har blitt sett av mange, så dette  
419 er noko me satsar på å arbeida meir med.

420 Laget har òg vore synleg på ulike tilskipingar, mellom anna stod representantar på stand  
421 på Studenttorget på UiB.

422 Laget har lysing for barnelaget i avisa Barn i Byen, og for Folkedans for seniorar i BA.

## 423 9. Melding frå Rådet

424 Rådet har hatt 3 møte i 2017, eitt i januar før årsmøtet, der årsmøtesaker vart drøfta og  
425 tilrådd, eitt i mai og eitt i desember.

426 Saker til drøfting i møta: Endring av tenesteføresegner for organisasjonssekretær.  
427 Stillinga vart endra til dagleg leiar frå 1.4.17, og ny stillingsinstruks med større ansvar  
428 vart godkjent i møte i desember.

429 Tilsetjing i 20% prosjektstilling for rekruttering/marknadsføring for 6 månader. I  
430 desember rapporterte styret om førebels resultat av den ekstra arbeidskrafta, og  
431 stillinga vart forlenga til 31.5.2018, med nokre endringar i arbeidsoppgåver og  
432 prioriteringar.

433 Rådet har også diskutert og tilrådd to saker til årsmøtet i 2018.

434 - Vedtekter for Reservefondet, endringsframlegg frå styret. Både F&E-styret og  
435 Rådet ynskte endringar, og eit nytt framlegg vart tilrådd lagt fram for årsmøtet. Dette  
436 har også vore godkjent av styret.

437 - Tal på rådsmedlemer, framlegg frå valnemnd og styret. Rådet tilrår at talet på  
438 rådsmedlemer vert redusert til 5 med 2 varamedlemer, med fast møtande 1.  
439 varamedlem. Rådet er vedtaksført når minst 4 er til stades. Dette medfører endring i  
440 Lova §4 og Styringsføresegner §5.

441 Leiar i F&E-styret orienterte i møte 7.12. om den økonomiske situasjonen i dei ulike  
442 lagsbruka.

## 443 10. Dugnad

444 Gjennom året 2017 har mykje bra dugnad skjedd både felles i laget og internt i særлага.  
445 Gjennom samarbeid på tvers av generasjonar og særlag, har mellom anna 17. mai-kafeen  
446 og stordanskvelden blitt suksessrike tilskipingar med gode opplevingar for eldre og  
447 unge. Hyttenemnda har halde dugnadar både i vår og i haust, med vasking, maling og  
448 rydding i området rundt hytta.

449 Særleg ynskjer me å nemna at Torgrim Ljones har jobba dugnad som byggeleiar i Gimle  
450 og på denne måten skaffa laget kjærkommen dugnadsinntekt.

451 Vidare må ein jobba med å styrka dugnadsånden, t.d. med tanke på medlemslotteriet.

## 452 11. Samarbeid med andre

453 Laget har eit godt samarbeid med ei rekkje andre organisasjonar. I meldingsåret har  
454 laget til dømes samarbeidd med Columbi Egg om Folkemusikkfesten, med

455 Bygdedanslaget i Bjørgvin om dansekurs og med Hordaland Ungdomslag om ei  
456 dansesamling for ungdom på Lindås.

457 Juniorspelemannslaget vert framleis drive i samarbeid med Kulturskulen i Bergen.  
458 Under Sykkel-VM i Bergen deltok både Ungdomsringen, Folkedanslaget og Bergen  
459 Juniorspelemannslag med framsyning og konsert på scena i publikumsområdet i  
460 Nygårdsparken.

461 Fylkesstemnet for born vart i 2017 arrangert på Årstad vidaregåande skule.  
462 Fylkesstemnet var eit samarbeid mellom Hordaland Ungdomslag og Bergen ungdomslag  
463 Ervingen. Over 100 deltakarar mellom 5 og 12 år deltok på aktivitetar og i  
464 danseframsyning på Torget den andre helga i juni.

465 Saman med Noregs Ungdomslag har Bergen ungdomslag Ervingen skipa til  
466 Sommarleiren 2017, NU sin årlege sommarleir for ungdom. Leiren vart lagt til Fana  
467 folkehøgskule den eine veka i juni då det var sol i Bergen, nemleg i månadsskiftet  
468 juni/juli 2017. Bergen ungdomslag Ervingen var lokal arrangør, og bidrog difor med  
469 leirsjef, ein i leirutvalet og god dugnadshjelp. Det var kurs i både song, dans, teater, foto  
470 og musikk, og over 40 fornøgde leirdeltakarar oppheldt seg i Bergen den veka.

471 Laget har samarbeidd med skular i Bergensområdet om undervisning i folkedans.  
472 Mellom anna vart ei danseframsyning i samarbeid med Den kulturelle skulesekken  
473 avslutta våren 2017. I denne framsyninga fekk elevar frå 1.-4.klasse ta del i ei reise i  
474 lokale dansetradisjonar frå Hordaland. Hausten 2017 starta eit nytt samarbeid med Den  
475 kulturelle skulesekken. Dette prosjektet vender seg til elevar i ungdomsskulen og har  
476 som mål å gje dei enkel opplæring i folkedans. Samarbeidet varer ut skuleåret  
477 2017/2018. I tillegg har Bergen ungdomslag Ervingen vore på USF Verftet og Barnas  
478 Kulturhus for å halde kurs.

479 Prosjektet «Dragegjengen» ved Krohnengen skule vart starta opp igjen, og no i haust har  
480 13 born frå 5 til 8 år starta å spele hardingfele, samstundes som dei tidlegare elevane får  
481 samspelundervisning.

482 Hausten 2016 vart prosjektet «Kultur utan grenser», eit samarbeid med UDI, LNU og  
483 SFF, starta for å gje asylsøkarar eit innblikk i den norske kulturen. I 2017 har dette  
484 arbeidet halde fram, og dei har i år samarbeidd med Lindås statlige mottak for enslige  
485 mindreårige, Arna statlige mottak, Norsk Folkehjelp Solidaritetsungdom, Røde Kors og  
486 Redd Barna. I tillegg har prosjektet invitert til to Kulturkveldar i Gimle i haust, den fyrste  
487 kvelden samarbeid med Norsk Folkehjelp Solidaritetsungdom.

488 Andre viktige samarbeidspartnarar er moderorganisasjonane våre Noregs Ungdomslag  
489 og Noregs Mållag, Hordaland Ungdomslag, Hordaland Musikkråd, Norges Korforbund,  
490 FolkOrg og Bergen kommune. Laget er medlem av Amatørkulturrådet i Bergen,  
491 Bygdelagsnemndi og Vestlandske Teatersenter.

## 492 12. Eigedom

### 493 a) Lagshusa

494 Nær alle aktivitetar og øvingar i laget er i Gimle. Kvedargruppa nyttar ofte Snorrestova  
495 til sine øvingar når det ikkje er plass i Gimle. Skostredet Spøt og Slarv nyttar kontoret og  
496 Snorrestova til sine møte, og det gjer òg lagsstyret og dei fleste nemnder og særslag.  
497 Fensal er leigd ut til Bergen internasjonale kultursenter (BIKS) via Bergen kommune,  
498 Bjørgvin Husflidslag og nokre andre organisasjonar. Hordaland Mållag og Ole Bull  
499 Akademiet har leigd kontor plass på lagskontoret.

500 I Gimle har det vorte utført ein heil del arbeid. Det er kome nytt kjøkken i 3. etg og  
501 toalett i 4. etg, i tillegg til at heisen er på plass i Gimle.

502 I Fensal er det kome nye toalett i garderobane og kjøkkenet er oppgradert. Bergen  
503 Kommune har inngått avtale om leige i fem nye år, gjeldande frå 2017. Kjellaren i Fensal  
504 har vorte rydda av ein trufast gjeng, og finsortering står att før me kan begynna å senda  
505 arkivet vårt over til byarkivet.

### 506 b) Hytta

507 Hytta har vore utleigd som vanleg gjennom året, til eksterne når laget ikkje nyttar ho.

508 20. og 29. april hadde me dugnad, det var litt oppmøte, men plass til fleire. Det vart  
509 rydda i bed og rundt hytta. Hans Nyeggen brukte motorsag til å ordna tre som hadde  
510 rotvelta. Desse vart kappa og kløyvde til ved. Me har også laga ein rampe slik at det er  
511 lettare tilgang for barnevogner og rullestol. (Gåstolar når medlemsflokket blir eldre).

512 I september var det ein dugnad med lite oppmøte.

513 Det er kjøpt inn nye komfyrar, som er komne på plass. I oktober kjøpte me dyner og  
514 puter, som og er komne på plass.

515 Nemnda har ikkje fått lagt fliser i kjellaren, men dei er kjøpt inn, så det er håp om å få dei  
516 ordna i 2018. Me freistar også å få på plass eit utelys ved inngangen. Nytt skap på rom  
517 ved kjøken, til puter, dyner, og utstyr. Så vert det rydding og fullføring av rampen  
518 utanfor med rekkverk.

519 Det var ikkje jonsokfeiring på hytta i år.

## 520 13. Fonds- og eigedomsstyret

521 Styret har hatt 15 styremøte i 2017. Styreleiar i Ervingen Lagsbruk AS, Øystein Erstad,  
522 og styreleiar i Ervingen Kulturhus AS, Åslaug Trageton, har møtt på dei fleste av møta og  
523 gjeve oppdatering om den økonomiske utviklinga for selskapa. Sandviken Brygge Hotel  
524 as vart meldt konkurs med verknad frå 24. mars på grunn av manglande belegg i



525 vintermånadane og booking av hotellrom vidare ut over våren. Konkursen har medført  
526 eit samla tap for dei andre selskapa på om lag 2,9 mill. Fonds- og eigedomsstyret og  
527 styret i Ervingen Lagsbruk AS hadde felles møte med revisor. Dei same har òg hatt møte  
528 med profesjonell finansiell. På det siste møtet kunne ikkje styreleiar i Ervingen Lagsbruk  
529 AS stille. Styreleiar for Fonds- og eigedomsstyret har møtt på eit møte i rådet og på  
530 samrådsmøte.

531 Ervingen Lagsbruk AS er eit holdingselskap, der laget er eineigar, med fylgjande  
532 underselskap: Ervingen Kulturhus AS, Ervingen Eigedom AS og Hotell Hordaheimen AS,  
533 som har underselskapet Ole Bull Hotell AS.

534 Ervingen Lagsbruk AS hadde årsmøte for 2016 den 03.07.2017. Fonds- og  
535 eigedomsstyret møtte som generalforsamling for årsmøtet.

536 Ervingen Kulturhus AS hadde årsmøte 22.06.2017. Dei andre selskapa har hatt mykje  
537 problem med å få avslutta årsrekneskapane for 2016, noko som har ført til forseinka  
538 årsmøte. Ervingen Eigedom AS hadde årsmøte 29.09.2017. For Hordaheimen Hotell AS  
539 har det ikkje late seg gjera å få avslutta rekneskapen for 2016 i 2017.

540 Etter krav frå DNB måtte laget setja inn ekstra ansvarleg lånekapital på kr. 2 mill. i  
541 Ervingen Eigedom AS. Lånet vart 26. juni d.å. sikra med pant i hotelleigedomen i C.  
542 Sundts gate.

543 Berre Ervingen Kulturhus AS har betalt utbyte til Ervingen Lagsbruk AS for 2016. Det er  
544 vidareført kr 525.000 til laget i 2017 med utgangspunkt i den gamle låneavtalen. I  
545 tillegg vart det overført kr 30.000 i januar i likviditetsstønad etter søknad frå lagsstyret.  
546 Desse midla vert lagde til utbetalinga til laget slik at samla overføring for 2017 vert kr  
547 555.000.

548 Fonds- og eigedomsstyret har brukt mykje tid på å halda seg oppdatert på den  
549 økonomiske utviklinga i selskapa og å vurdera nye styremedlemmar. Konkurransen i  
550 hotellmarknaden er ekstremt stor med om lag dobling av tal hotellsenger pluss Airbnb,  
551 og dette fører til vanskeleg likviditet og økonomi for hotella våre.

## 552 14. Medlemstal, økonomi og ressursar

### 553 31.12.2016:

554 Barn (under 14 år) 16

555 Ungdom (14-26 år) 33

556 Vaksne (over 26 år) 171

557 Til saman 220

### 558 31.12.2017:

559 Barn (under 14 år) 32

560 Ungdom (14-26 år) 40

- 561 Vaksne (over 26 år) 191  
562 Til saman 263  
563  
564 Laget har hatt ein medlemsauke på om lag 20 % i 2017, noko som er svært gledeleg, og  
565 ser ein berre på medlemmar under 14 år, er auken på 100 %!  
566  
567 I 2017 oppretta laget Vipps-bedrift.

## 568 15. Kontor og tilsette

- 569 I 2017 har Gro Vetås har vore tilsett som organisasjonssekretær og f.o.m. 1. mai som  
570 dagleg leiar i 100% stilling. Kristoffer Kleiveland har vore tilsett som  
571 rekrutteringsmedarbeidar i 20 % stilling frå juni.  
572 Rekneskapsbyrået Primo Services AS har ført rekneskapen for laget.  
573 På kontoret i Fensal har Hordaland Mållag leigd ein kontorplass, medan den siste  
574 kontorplassen har vore leigd ut til Osafestivalen tre dagar i veka. Bergen Mållag nyttar  
575 framleis Snorrestova som møtelokale og har lagerplass på kontoret. NKI Reinhold har  
576 stått for reinhald av kontor- og møtelokalet i Fensal.

## 577 16. Heiderslagsfolk

- 578 Dagrunn Berntsen  
579 Aslaug Kvilekval Breivik  
580 Norvald Erstad  
581 Kåre Herdlevær  
582 Kårmund Myklebost  
583 Finn Vabø (gjekk bort 26. november 2017)  
584 Olav Ånneland

## 585 17. Gåver, helsingar og minne

- 586 Gåve til instruktørar og spelmenn, jubileumshefte/ blomehelsingar/ gåve til medlemmar,  
587 heidersmedlemmar, tillitsvalde og tilsette ved passande høve.

## 18. Oversikt over tillitsvalde

### Lagsstyret

Leiar	Borghild Marie Opdahl
Medlem	Ida Marie Rognsvåg
Medlem	Kjersti Johanne Nybø
Medlem	Brita Nilsen
Medlem	Gunn Inger Sture
Varamedlem	Lars Fivelstad Smaaberg
Varamedlem	Irene Bjørke
Varamedlem	Eirin Tjoflot

### Rådet

Leiar	Eldbjørg Gunnarson
Medlem	Sverre Sundvor
Medlem	Ole Ekornes
Medlem	Siv Erstad
Medlem	Eli Randmo
Medlem	Stig Indrebø
Medlem	Ingunn Skjelvan
Varamedlem	Martin Nessen
Varamedlem	Hans Nyeggen
Varamedlem	Annbjørg Fadnes Kyrkjebø

### Fonds- og eigestyret

Leiar	Torgrim Ljones
Medlem	Kjell Gudmund Søholt
Medlem	Oddrun Samdal
Medlem	Vegard Opheim
Medlem	Frode Myhra

### Folkedanslaget

Leiar	Brynjulf Langballe
Medlem	Mari Skjerdal Lysne
Medlem	Marit Kvamen
Medlem	Renathe Nilsen

	<b>Medlem</b>	Lina Hamre
592	<b>Ungdomsgruppa</b>	
	<b>Medlem</b>	Borghild Marie Opdahl
	<b>Medlem</b>	Sondre Seim Brattland
	<b>Medlem</b>	Martha Langholmen
593	<b>Barnelaget</b>	
	<b>Leiar</b>	Borghild Marie Opdahl
	<b>Medlem</b>	Synnøve Torbjørnsen
	<b>Medlem</b>	Silja Solvang
594	<b>Kor e Tonen</b>	
	<b>Medlem</b>	Knut Arne Vedaa
	<b>Medlem</b>	Hjørdis Maria Longva
	<b>Medlem</b>	Ömer Faruk Öner
	<b>Vara</b>	Einar Adachi
	<b>Vara</b>	Astrid Gulbrandsen
595	<b>Juniorspelemannslaget</b>	
	<b>Medlem</b>	Sissel Ingunn Nordstad
	<b>Medlem</b>	Torbjørn Haukås
	<b>Medlem</b>	Hilde Midtbø
596	<b>Audhilds</b>	
	<b>Medlem</b>	Eirin Tjøflot
	<b>Medlem</b>	Johanne Mjøs
	<b>Medlem</b>	Haldis Marie Samland
597	<b>Hyttenevnda</b>	
	<b>Medlem</b>	Knut Malkenes
	<b>Medlem</b>	Berit H. Lappegård
	<b>Medlem</b>	Hans Nyeggen
598	<b>Ettersyn</b>	
		Halvor Røyset

Bente Birkeland

---

Vara Steinar Kyrkjebø

---

599

**Valnemnda**

---

**Leiar** Marianne Pedersen

---

**Medlem** Martin Nessen

---

**Medlem** Silja Solvang

---

**Medlem** Magnhild Mjør

---

**Medlem** Eirin Tjoflot

---

600

601 **19. Lagsmøte, festar og eigne tilskipingar**

Dato	Tilskiping	Omtale	Ansvarleg
28.01.17	Dans- og spelmaraton		Folkedanslaget
11.02.17	Speling i bryllaup		Audhilds
11-12.02.17	Kurs og hyttetur	Arve Berg og Leif Rygg hadde kvar sine dagar som instruktør.	Audhilds
14.02.17	Årsmøte		Styret
18.02.17	Dansekveld	Kristoffer Kleiveland, Sindre Fotland og Audhilds spelte.	Folkedanslaget
19.02.017	Familiesundag	Kurs i spel, song og dans, familiefolkedanskveld med framsyning frå Den kulturelle skulesekken	Barnelaget og Juniorspelemannslaget
15.03.17	Samrådsmøte		Styret
18.03.17	Kræsje-kurs folkedans	Dansekurs i høve folkemusikkfesten. Gunn Inger Sture instruerte og Irene Bjørke spelte.	Folkedanslaget

20.03.17	Innføringskurs i folkedans	Guro Haugen, Maria Toppe og Borghild Opdahl + Ungdomsringen	UDI-prosjektet
25-26.03.17	Øvingshelg		Koret
26.03.17	Korkafé	To gjestekor; Bergen Vocalis og Studinekoret Kalliope.	Koret
20.04.17	Dugnad	Ryddda i bed og rundt hytta, ordna tre som hadde rotvelta. Desse vart kappa og kløyvde til ved. Me har også laga ein rampe slik at det er lettare tilgang for barnevogner og rullestol.	Hyttenemnda
22.04.17	Øvingsdag		Koret
23.04.17	Konsert	Konsert med Voix-Ci Voix-La (FR) og Volve Vokal.	Koret
29.04.17	Dugnad	Ryddda i bed og rundt hytta, ordna tre som hadde rotvelta. Desse vart kappa og kløyvde til ved. Me har også laga ein rampe slik at det er lettare tilgang for barnevogner og rullestol.	Hyttenemnda
06-07.05.17	Hyttetur for unge vaksne.	Eidsholmen	Folkedanslaget
08.05.17	Rebusløp		Styret, eiga nemnd
17.05.17	Kafé		Styret

12.06.17	Sommaravslutting	Pizza for medlemar og føresette i laget, i Gimle	Juniorspellemanns-laget
10.09.17	Innføringskurs i folkedans	Sverre Sundvor og Guro Haugen hadde kurset, Ida Marie Rognsvåg spelte.	Folkedanslaget
29-30.09.17	Øvingshelg		Koret
30.09.17	Stordanskveld	Schøtstuene	Styret / eiga nemnd
03.10.17	Samrådsmøte		Styret
21.10.17	Jubileumsfest	15-års jubileum	Juniorspellemanns-laget
21-22.10.17	Jubileumshelg	Kurs med Patti Kohurst og Trent Bruner.	Juniorspellemanns-laget
22.10.17	Barnebøkkveld og familiefolkedans	Kristian Fjellanger las frå boka si «Samir og den lange reisa» . Silja Solvang og Ida Marie Rognsvåg var danseleiarar. Juniorspellemannslaget spelte.	Barnelaget og Juniorspellemanns-laget
11.11.17	Kurs	Johanna Mjeldheim var instruktør.	Audhilds
11-12.11.17	Øvingshelg		Koret
12.11.17	Konsert	Konsert; «Å Vestland, Vestland». Repertoaret var musikk med tilknytning til Vestlandet. Kafe etter konserten.	Koret

18.11.17	Haustfest	Fjellbekken spelte til dans. Godt med folk heile kvelden.	Folkedanslaget
22.11.17	Kulturkveld		UDI-prosjektet, Folkedanslaget og Audhilds
01-03.12.17	Hyttetur og kurs	Håvard Ims og Ingrid Sørheim heldt kurs. Juleverkstad.	Ungdomsringen
11.12.17	Julelagsmøte		Styret

602



603

## 20. Utsendingar, representasjon og

604

## samarbeid

605 **Kven Veit?**

606 I 2017 var Bergen ungdomslag Ervingen med i spørjetevlinga Kven Veit?, med tre lag.  
 607 Alle laga gjorde det relativt godt på landsbasis, og eitt av laga gjekk heilt til topps. Med  
 608 på vinnarlaget var: Berit Lappegård, Dag Hermansen, Øystein Erstad, Terje Furenes og  
 609 Borghild M. Opdahl.

Dato	Tilskipping	Omtale	Kven
09.01.17	Columbi Egg	Audhilds var pauseinnslag på konsert med Triakel,	Audhilds
15.01.17	Nyttårskonsert i Nykirken.	Koret deltok som vanleg på dei tradisjonelle nyttårskonsertane i regi av Hordaland Korforbund	Koret
21.01.17	Dansekurs	Kurs på Dalheim, Hundvin. Maria Skjeldrum Toppe og Guro Haugen	Ungdomsringen, Lindås statlege mottak for mindreårige
27-29.01.17	Grunnleggande instruktørkurs i folkedans	Silja Solvang og Maria Skjeldrum Toppe var instruktørar. 4 stk frå Bule deltok.	Noregs Ungdomslag og styret
28. 01.17	Samdamssamling til Fylkesstemna for born		HU og styret
30.01.17	Kinokveld	Lagsmøte på Bergen Kino. Me såg filmane «Med hjertet i dansen» og «Kvar song ei soge».	Styret, Bergen kino, Sant og usant og Eufori film
05.02.17	Familiesundag på Verftet		Barnelaget og USF
19.02.17	Familiesundag på Verftet		Barnelaget og USF
21.02.17	Kven Veit, runde 1	Tre lag frå Bule deltok	

04.03.017	Barnas kulturhus		Barnelaget og Bergen kommune
05.03.17	Familiesundag på Verftet		Barnelaget og USF
11.03.17	Innspelkonferanse amatørkulturplanen, Bergen kommune.	Borghild sat i panelet i debatten	Borghild M. Opdahl
11.03.17	Hordamønstring	Granvin	Juniorspelemannslaget og Audhilds
11.03.17	Barnas kulturhus		Barnelaget og Bergen kommune
12.03.17	Årsmøte i Hordaland Ungdomslag		Borghild Opdahl og Ida Marie Rognsvåg
14.03.17	Kven Veit, runde 2	Tre lag frå Bule	
15.03.17	Møte i Bygedelagsnemndi		
17-19.03.17	Dansesamling for ungdom	Lindås Ungdomsskule. Guro Haugen og Maria Skjeldrum Toppe hadde instruksjon for dei eldste, medan Kristoffer Kleiveland spelte. Silja Solvang var instruktør for dei yngste.	Ungdomsringe og Lindås UL
18.03.17	Folkemusikkfest	Utle og Trio Mio spelte. Gabriel Fliflet leia kvelden.	Folkedanslaget og Columbi Egg
20.03.17	Årsmøte i Hordaland Folkemusikklag		Haldis Marie Samland
25.03.17	Barnas kulturhus		Barnelaget og Bergen kommune
28.03.17	Lokallagssamling NU		Irene Bjørke
29.03.17	Kurs i rekruttering, Fjell kommune.		Ida Marie Rognsvåg og Kjersti J. Nybø
01-02.04.17	Kurs i pols	Ingunn Skjelvan instruerte, Eva Marie og Maria Toppe spelte.	Folkedanslaget og Bygdedanslaget i Bjørgvin

04.04.17	Kven Veit, runde 3	Tre lag frå BulE deltok. Eit av laga vann landskonkurransen.	
05.04.17	Siste førestilling DKS	Har hatt 30 førestillingar dette skuleåret.	Styret er ansvarleg
22-23.04.17	Landsmøte i Noregs Ungdomslag		Kjersti J. Nybø og Gunn Inger Sture
24.04.17	Årsmøte i Amatørkulturrådet i Bergen.		Borghild Opdahl
27.04.17	Barnehage-kurs	Folke-danskurs i Mulesvingen bhg	Ida Marie Rognsvåg, Brita Nilsen og Irene Bjørke
27.04.17	Workshop amatørkulturplanen		Borghild M. Opdahl
28-30.04.17	Landsmøte FolkOrg		Ida Marie Rognsvåg og Johanne L. Mjøs
29.04.17	Dansens dag	Dansa på Amalie Skram og Biblioteket	Folke-danslaget og Ungdomsringen
06.05.17	Festival	Latvisk foreining skipa til dansefestival på Bønes	Ungdomsringen og Folke-danslaget
17.05.17	Prosesjon og framsyning		Styret, Folke-danslaget, ungdomsringen og Bygdelagsnemnda
20.05.17	Hallingkurs	Martin Myhr og Maria Toppe	Ungdomsringen
21.05.17	Framhald av årsmøte i HU		Borghild M. Opdahl
31.05.17	De Unges Festspilldag	Juniorspelemannslaget spelte i Logen.	Juniorspelemannslaget

09-11.06.17	Fylkesstemna for born	Årstad vgs. 111 deltakarar	Styret / eiga nemnd og HU
10.06.17	Torgdag	Deltakarane på Fylkesstemna for born dansa framsyning til musikk frå Bergen Juniorspelemannslag	Styret / eiga nemnd, Juniorspelemannslaget
14.06.17	Speling på Fløyen	Framsyning	Folkedanslaget og Juniorspelemannslaget
27.06-02.07.17	Sommarleir for ungdom	Fans fhs. Fire dansarar frå ungdomsringen deltok.	Styret og NU
02.07.17	Dugnadsfest og jubileumsturne	Dugandsfest for Fylkesstemna for born og Sommarleiren. Snaustrinda- konsert i høve jubileumsturneen deira. Dans, jam og grilling på Eidsholmen.	Styret / eiga nemnd, Snaustrinda, Audhilds
05-09.07.17	Landskappleiken	Røros	Audhilds
9-14.07.17	Mokurset	To frå Juniorspelemannslaget deltok på sommarkurset.	Juniorspelemannslaget
22.07.17	Framsyning	Framsyning for ei gruppe frå Malaysia	Folkedanslaget
14.08.17	Studenttorg, UiB		
23.08.17	Marknadsplassen DKS		Eirin Tjoflot, Irene Bjørke og Gro Vetås
02.09.17	Barnas kulturhus		Barnelaget og Bergen kommune
05.09.17	Dugnad		Hyttenemnda
08.09.17	Kulturnatt	Juniorspelemannslaget, Audhilds, Arne Anderdal, Siri Nordgård, Kristoffer Kleiveland og Maria Toppe.	Folkedanslaget og UNISON

08.09.17	Major Parkinson-konsert på Verftet	Koret var med og song på nokre av songane til Major Parkinson på konserten deira på USF Verftet.	Koret og Major Parkinson
09-10.09.17	Innføringskurs i folkedans		Folkedanslaget
16.09.17	Barnas kulturhus		Barnelaget og Bergen kommune
22.09.17	Konsert og framsyning under Sykkel-VM		Folkedanslaget, ungdomsringen og Juniorspelemannslaget
27.09.17	Møte med Hordaland Teater.		Gro Vetås
29.09-01.10.17	Instruktørkurs i song- og stordans		Styret og NU
13-14.10.17	Vestlandskappleiken	Askvoll	Audhilds og Juniorspelemannslaget
25.10.17	Korkafé	Korkafé hos Finanskoret i Fyllingsdalen: Finanskoret inviterte oss til korkafeen sin på Fyllingsdalen VGS.	Koret
25.10.17	Kulturkveld		UDi-prosjektet, Folkedanslaget og Audhilds, Solidaritetsungdommen i Bergen
27-29.10.17	UngOsa	To frå ungdomsringen deltok på dansesamlinga.	Ungdomsringen
28.10.17	Det Nordiske Trolldomsakademi	Danseleiing	Line A. Aase og Borghild M. Opdahl
02.11.17	Raftomiddagen	Tre frå Juniorspelemannslaget spelte	Juniorspelemannslaget

3-5.11.17	Juniorsamling	Ei gruppe frå laget deltok på det tradisjonelle kurset på Osterøy.	Juniorspelemannslaget
09.11.17	Amatørkulturkveld	Kulturhuset Danckert Krohn.	Borghild Opdahl
09.12.17	Konsert	Syngejobb på kjøpesenteret Lagunen.	Koret
10-12.11.17	Grunnleggande instruktørkurs	Anna Gjendem var i instruktør. To stk frå BulE deltok.	NU
19.10.17	Kultur utan grense	Konsert og dans for heile familien i Kulturhuset Sentrum i Ytre Arna. Kristoffer Kleiveland, Maria S. Toppe, Borghild M. Opdahl og Juniorspelemannslaget.	Integreringsprosjektet, Ungdomsringen og Juniorspelemannslaget, Arna statlege mottak.
22.11.17	Møte om Landskappleiken 2019		Ida Marie Rognsvåg, Eirin Tjoflot og Torbjørn Haukås
01.12.17	Juleavslutting, Dragegjengen.		
08.12.17	Julekonsert i Korskirken	Juniorspelemannslaget med rekruttar gjorde ein flott innsats med kanadisk musikk frå kurset på jubileumsseminaret og ein bruremarsj til avslutting.	Juniorspelemannslaget
11.12.17	Columbi Egg	Audhilds deltok på julejam og dansespel.	Audhilds